

Referat frå møte i Brukarutvalet i Helse Bergen

Tid og stad	Måndag 28.04.2025 kl. 09.00-14.00, K1, Bikuben kurs- og konferansesenter
Til stade	FFO: Eli Sjo, Michael Sønnesyn, Marianne Sundvor, Maria Stokke Mindestrømmen, SAFO: Renate Toft, Christel Bersaas-Nesse, Pensjonistforbundet: Torveig Botnen, ProLARnett: Christine Lønne, Vestland Innvandrerråd: Everline Mjømen, Kreftforeininga: Atle Grung Eide. Seksjon for samhandling: Merete Eide Hernes og Randi Bjørgen Johannessen (referent)
Fråvær	FFO: Lene Nilsen

Sak	Saka gjeld
25/27	Omvising i Protonsenteret Brukarutvalet fekk omvising i det nye Protonsenteret og ein innføring i korleis protonterapibehandlinga vil forgå. Etter planen vil første protonbehandling av vaksen pasient skje i starten av mai 2025, og første barn/ungdom hausten 2025.
25/28	Godkjenning av dagsorden og innkalling av dagsorden Godkjenning av referat frå møtet 24.03.2025 Avgjerd: <i>Referat frå møtet 24.03.25, innkalling og dagsorden er godkjend.</i>
25/29	Orientering om *behandlingstilbodet i AFR, Engenhuset v/ Christian Ohldieck Engenhuset ligg i Håkonsgaten 1, og her er Rusmedisin Ambulant, Rusmedisin Poliklinikk Engenhuset (tidlegare Rusmedisin Poliklinikk Kanalveien), Korttidspost Engenhuset (tidlegare Rusmedisin Skuteviken), Heroinassistert rehabilitering, Rusmedisin AFR si forskningseining og kompetansesenteret KoRus Bergen. Pasienttilbodet inkluderer ambulant oppfølging, poliklinisk behandling og avrusing. Engenhuset, inndeling: Etasje 0: Musikkrom, personalrom Etasje 1: Resepsjon, mottaksrom, møterom, kapell Etasje 2 og 3: Poliklinikk og ambulant Etasje 4: Kompetansesenter for rusfeltet (KORFUS) og forskning Etasje 5: Korttidspost for menn Etasje 6: Korttidspost for kvinner Etasje 7: Kontor og møterom Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for orienteringa</i>
25/30	Orientering om Program Sentralblokk v/ Helge Bergmann og Merethe Storegjerde Tidsplan konseptutreiing for fase 1: Styrebehandlast 30. Oktober 2025 og hovudutreiinga må da vere på plass. Det er usikkert om ein klarer det og det blir tatt sikte på eit ekstra ordinert styremøte i desember 2025. Innhald i fase 1 handlar om å rive Verkstadbygget, sette opp ny bygg, og dessutan oppgradert Sentralblokk til dagens standard. Brukarutvalet får moglegheit til å koma med innspel før programstyremøte som haldast 17. Juni 2025. Profil 1 og 2 etasje Sentralblokken 1 etasje: Akuttetasje. Tilbyr alt det den akutte pasienten treng, følgande funksjonar: - Akuttmottak - Radiologi

	- Operasjonseiningar 12 stuar - Hjarteintervensjon (HITT) - Intensiv 2 etasje: Kirurgisk profil: - Operasjonseiningar 20 stuar (?) - Postoperasjon - Sør-delen bær være første tiltak - Avansert poliklinikk og skopi (medisinsk undersøking, gastro og urologisk poliklinikk) Verkstadbygg, moglegheiter: Mogleg 24 sengjar per etasje, 4 etasjar. Realiserast i 2032. Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for orienteringa. Etter avtale sendar koordinator ut statusrapport og presentasjon frå dagens orientering i etterkant av møtet.</i>
25/31	Kva røyrrar seg i sjukehuset? v/viseadministrerende direktør Clara Gram Gjesdal. Ventetidsløftet: Helse Bergen har tatt i bruk meir kvelds- og helgepoliklinikk, og dessutan auka samarbeidet med private aktørar. Talane frå april tydar på at dette har hatt god effekt på ventetida og talet på pasientar som har venta over 90 dagar. Talane på ventetid nærmar seg no tal frå 2019. Langsiktig mål for sjukehuset er å ha gjennomsnittleg ventetid for påbegynt helsehjelp lågare ein 50 dagar i somatisk, 40 og 35 dagar i hhv psykisk helsevern for vaksne og psykisk helsevern for born og unge, og 30 dagar i rusbehandling. Helse Bergen arbeidar kontinuerleg med fristbrot. Fristbrot blir omtale når ei primær tilvising som ikkje er ferdig greidd ut eller har starta behandling innan fastsett frist for start av helsehjelp. Fristbrot innan somatikk er hovudutfordringa, og pasientar får tilbod om behandling ein annan stad via Helfo. Sjukehuset har dialog med pasientar som ventar over fristbrot. Akutthjelp (ØH) pasientar blir behandla fortløpande. Bruk av døgnplassar og pasientflyt: Tal frå mars 2025 viser i somatisk sektor totalt 24106 inne liggande pasientar, og 133 pasientar på korridor. Psykisk helsevern viser totalt 6342 inne liggande pasientar og 11 pasientar på kontor. I tida framover vil sjukehuset ha særleg fokus på døgnplassar i psykisk helsevern, det er ønskeleg å unngå korridorplassar spesielt for denne pasient gruppa. Operasjonskapasitet: Etter opning av Glasblokkane har sjukehuset fått økt operasjonskapasitet. Blant anna har dei operasjonane med lengst ventetid blitt flytta over til Glasblokkane. Forbetningsundersøkinga 2025: 75,4 prosent av medarbeidarane har svart på undersøkinga, og 24 av 30 nivå 2-einingar har svarprosent over 70. Det er høgaste deltaking overordna i Helse Bergen på fem år. Leiar har ansvar for prosessen, og involverer verneombod, tillitsvalde og medarbeidarar. Investeringar og vedlikehald: Protonbygget, Engenhuset, Marie Joys hus, PAM Sandviken (nye lokalar). Plan om helikopterbase på Nygårdstangen er nedlagt, og det jobbast med å finne en ny løysning på kvar helikopterbasen skal være. Investeringsbudsjett- økonomi og styring: utviding av Rehabiliteringsklinikken på Nordås, Årstadhuset, Voss sjukehus og Sterilforsyning i parkhjørnet.

	Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen og tar den til orientering. Etter avtale sendar koordinator ut presentasjonen frå dagens orientering i etterkant av møtet.</i>
25/32	Høyring; Prehospital plan v/Tommy Nybakk Helse Bergen og akuttmedisinsk avdeling har utarbeidd eit utkast til ny prehospital plan som foreslår ei utvikling av dei prehospitala tenestene i føretaksområdet dei neste 10 åra. Planen omhandlar mellom anna utvikling av akuttmedisinske tenester, beredskap og organisering, og er eit viktig strategisk dokument for å sikre god samhandling, robuste tenester og framtidsretta løysningar. Modell 2 er ein omfattande strukturendring som tar sikte på å samle prehospitala tenester i eit moderne prehospitalt bygg kombinert med strategisk plasserte beredskapspunktar. Hovud målene er å redusere responstidene og auke kapasiteten på ein fleksibel og berekraftig måte. Modellen inneber også viktige endringar i distrikta, som ein forsterka stasjon på Voss, for å sikre robust dekning utanfor byområda. Arbeidet med planen har vore prega av brei involvering frå ulike samhandlingsaktørar gjennom heile prosjektet. Planen har og vore tema i UFAB (Underutval for akuttmedisinsk beredskap) som består av representantar frå akuttmedisinsk avdeling og alle samhandlingskommunane i helsefellesskapet. Dette har bidrege til å sikre eit godt grunnlag for forankring og samhandling på tvers av tenestenivå. Skriftlege høyringsinnspel må sendast innan 6. juni 2025. Etter høyringsrunden blir endeleg versjon av Prehospital plan lagt fram for styret i Helse Bergen HF til behandling. Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen. Leiar og nestleiar jobbar med eit skriftleg høyringsinnspel til neste møte i brukarutvalet 22. Mai 2025. Endeleg høyringsinnspel vil bli oversendt til prosjektleiar innan 6. juni 2025.</i>
25/33	Eventuelt: - Brukarmedverkar til styringsgruppe nybygg Rehabiliteringsklinikken Nordås - Tilbakemelding- HC parkeringsplassar - Gjennomgang av XL- skjema, honorering Avgjerd: <i>Brukarutvalet takkar for informasjonen. Dei er samde om:</i> - <i>Leiar Eli Sjo blir vald som brukarmedvirkar til styringsgruppe nybygg Rehabiliterings klinikken Nordås</i> - <i>Christel Borge Bersaas-Nesse er vald som brukarmedvirkar til prosjektgruppe som skal arbeide med tenesteavtale 3 og 5.</i>